ALVER
KOMMUNE

Arnhild Sagstad
Løhøyen 15
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 16.10.2023 |
| Vår: 20/14611 - 23/79747 | per.sveinar.morsund@alver.kommune.no | |

# Rapport etter synfaring - gbnr 134/359 Hilland

| | |
|---|---|
| Saksnummer: | 20/14611 |
| Tiltak: | Boenhet garasjeloft |
| Gbnr: | Gbnr: 134/359 |
| Adresse: | Løhøyen 15 |
| Tiltakshavar: | Arnhild Sagstad |

**Konklusjon etter synfaringa**
Det vart avdekka forhold i strid med løyver eller i strid med føresegner i gjeldande plan- og bygningslova med forskrifter. Du vil seinare få eit brev der vi pålegg deg å rette opp i dette.

**Vurdering frå synfaring**
Kommunen var på synfaring på grunn av mistanke om at garasjeloftet vert nytta til bebuing.

På synfaringa vart det konstatert at den registrerte meldinga ikkje gjeld bueining på garasjeloft, men ei etablert hybelleilighet i bustaden.

Vi ynskjer med dette brevet å gjere deg merksam på at det er forhold på eigedommen du må rette opp i

**Hybelleilighet i bustad**
Vi ser at du i 2003 søkte om og fekk godkjent etablering av ny balkong og trapp som gjev utvendig tilgang til 2. etasje på bustaden din. Etter kva vi kan sjå på bilder frå Finn-annonsen ser det ut til at du har etablert ein separat leilighet i delar av 2. etasje. Dette er kun lov dersom du fortsatt har dør som sikrar innvendig tilkomst til heile bustaden. Dersom du fysisk skiller av delar av bustaden er du nøydd å søke om bruksendring.
Dersom du sender oss dokumentasjon på at innvendig tilkomst i heile bustaden er ivareteke vil vi ikkje følgje opp denne saka vidare.




Finn annonse som stadfester utleige




Oppholdsrom




Kjøkken




Stue

**Hybelleilighet på garasjeloft**
Vi finn at garasjeloftet er tilrettelagt for bebuing. Garasjen ser heller ikkje ut til å være bygd i samsvar med løyvet som er gitt.




Løyvet viser eit ope uinnreda garasjeloft med innvendig trapp. Når vi var på staden vart det avdekka at det er etablert utvendig trapp med tilkomst til garasjeloftet. Garasjeloftet er også tilrettelagt for bebuing med kjøkkenkrok og bad. Dette er ikkje i tråd med tillatelsen. Vi gjer også merksam på brev som vart sendt deg 05.07.18 der du vart gjort merksam på at at arealet ikkje kunne etablerast til bustad og at det ikkje låg føre noko godkjenning til vatn- og avløpsanlegg (sjå vedlegg).

Du må difor enten tilbakeføre arealet til det som er godkjent eller søke om å få etablere garasjen med loft i tråd med det du har bygd.




**Kva skjer vidare?**
Du vil om kort tid få eit brev frå oss der vi varsler deg om at du må rette opp i tilhøva.

Dersom du lurer på kva som må til for å løyse saka anbefaler vi at du rådfører deg med ein profesjonell aktør som kan gi deg råd og veiledning i korleis du kan ordne opp i forholdet.

Dersom du har spørsmål i saka kan du sende ein e-post til post@alver.kommune.no og merke med sak nr 20/14611 eller ringe saksbehandler på 56 37 54 66.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen<br>Avdelingsleiar | Per Sveinar Morsund<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arnhild Sagstad | Løhøyen 15 | 5911 | ALVERSUND |